



MELDING OM VEDTAK

frå
møte i næring og miljøutvalet 26.9.2017

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2016/1583	10341/2017	243	RÅD/ BAG	2.10.2017

PS 49/17 Sakshandsamingsrutinar - revidert etter retningsliner av 14.03.2017 2016/1583

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

- 1. Dette vedtaket gjeld som tillegg til dei til ein kvar tid gjeldande retningsliner for kommunale næringsfond i Møre og Romsdal.**
- 2. Vedtak i NMU PS 4/17 vert såleis gjort om inkje.**
- 3. Det skal leggst til grunn at det er høve til å søkje om at eigen arbeidsinnsats kan reknast inn i kapitalbehovet, jfr. punkt 4 i fylkeskommunen sine retningsliner av 14.03.2017. Næring og Miljøutvalet i Hareid kommune står likevel fritt til å vurdere om bruk av eigeninnsats kan godkjennast eller ikkje i kvart enkelt høve.**
- 4. 5% av fylkeskommunen si årlege løyving til næringsfondet, skal nyttast til å dekke kommunen sine forvaltningskostnader i samband med næringsfondet, jfr. punkt 17 i fylkeskommunen sine retningsliner av 14.03.2017.**
- 5. Det er høve til å gjere fortløpande delutbetaling, jfr. punkt 14 i fylkeskommunen sine retningsliner av 14.03.2017, når tilskotsmottakar har levert skriftleg aksept, jfr. same retningsliner, punkt 12. Det skal likevel berre gjerast delutbetaling på basis av framlagde kvitteringar og berre i høve stønaden sin prosentvise del av prosjektfinsieringa. Delutbetaling kan berre gjerast med inntil 75% av tilskotsbeløpet.**



- 6. Sluttutbetaling skal ikkje gjerast før prosjektet er avslutta og sluttrapport med prosjektrekneskap er godkjend. Prosjektrekneskapen skal i tillegg vere godkjend av revisor eller autorisert rekneskapsfører, jfr. punkt 14 i fylkeskommunen sine retningslinjer av 14.03.2017. For utbetaling til tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige, vert det likevel ikkje kravd revisorattestert prosjektrekneskap / attest frå autorisert rekneskapsfører, for tilskotsbeløp under kr 100 000, jfr. punkt 14 i fylkeskommunen sine retningslinjer av 14.03.2017.**

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Hareid, 02.10.2017

Rett utskrift:

Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering